



## **Nøytralitetsrapport 2023**

**Sygnir AS**

## **Krav til nøytral opptreden**

Nettselskap er underlagt forskriftsfesta krav til å opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande ovanfor sluttkundar, kraftleverandørar og produsentar.

Krav til nøytralitet følgjer av forskrift om nettregulering og energimarkedet § 4-14, og forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv., kapittel 8.

Årsrapporten for 2023 vil bli utarbeida i tråd med gjeldande lover og forskrifter i 2023.

Det følgjer av forskrifta at nettselskapet skal utpeike ein nøytralitetsansvarleg. I Sygnir AS er dagleg leiar nøytralitetsansvarleg.

## **Sygnir si organisering og uavhengigheit frå anna verksemd**

Sygnir AS er et dotterselskap i Sognekraft-konsernet. Eigarskap i selskapet fordeler seg på Sognekraft AS med 80%, Lærdal Energi AS med 10% og Aurland Energiverk med 10%. I tillegg til nettselskapet Sygnir består konsernet av Sognekraft Produksjon AS, Sognenett AS og Sognekraft Fiber AS.

Sygnir har ved utgangen av 2023 vel 13 700 kundar. Sygnir er underlagt krav om selskapsmessig skilje.

Sygnir utfører driftssentraleneseter for Sognekraft Produksjon. Sygnir er systemansvarleg og eigar av driftskontrollsystemet. Sognekraft Produksjon har kun innsyn i dei deler av systemet som gjeld Sognekraft Produksjon sine egne anlegg, og har følgjeleg ikkje tilgang til informasjon som kan gje marknadsmessige fordeler.

Sygnir har i særskilt avgrenda grad overskotskapasitet som seljast til andre.

Selskapet har i nokre områder fellesføring av fiber, der Sognekraft Fiber eller Telenor er eigar av fiberanlegg. Det vert i noko grad leigd ut mannskap til montering av fiber tilknytt høgspennetettet der fibermontørar ikkje er kvalifisert til å utføre arbeidet. Vidare vert det utført mindre arbeid som t.d. tilrettelegging for andre aktørar ved ulike grunn- og byggeprosjekt (VA for kommune, ekom aktørar m.m.) der Sygnir har pågåande aktivitet.

## **Marknadsføring og kommunikasjon**

Sygnir har egne merkenamn, logo og profil. Denne skil seg frå all anna verksemd i konsernet.

Sygnir har eiga internettside: <https://www.sygnir.no/>. Ved inngang til Sygnir si side frå konsernet si internettside <https://www.sognekraft.no/> er det ikkje mogeleg å gå tilbake til konsernet si nettside.

Sygnir si internettside inneheld ikkje informasjon om kraftleverandørar.

## **Nøytralitet ved handtering av kundar og kundeinformasjon**

Det er kun Sygnir sine egne sakshandsamarar som har tilgang til kundedata. Sygnir har ei eiga avdeling som ivaretek kundeservice og oppfølging av nettkundar. Kundedata i nettkundesystemet er tilgjengeleg først etter personleg pålogging til våre system. Tilgangar vert gitt eller stengt etter kva funksjon/fagleg behov den einskilde tilsette har.

Tilsette i nettselskapet som har kundekontakt, vert gitt opplæring i at alle nettkundar skal handsamast likt og gjevast same servicenivå uavhengig av kva kraftleverandør dei har. Opplæringa legg vekt på nøytralitetskrav i høve kraftleverandørar, og kundesenteret tilrår ikkje kraftleverandør til nokon kundar. Ved førespurnadar som gjeld kraftleveringsavtalen vert kunden henvist til kunden sin kraftleverandør.

All datautveksling med kraftmarknadsaktørar føregår via Elhub. Sygnir gjennomfører forretningsprosesser utan ugrunna opphald for alle kraftleverandørar som har kundar i vårt konsesjonsområde.

Sygnir har avtale om gjennomfakturering med 6 kraftleverandørar. Ved utgangen av 2023 vart ca. 80 % av alle fakturaer gjennomfakturert. Kundar med kraftleverandør utan avtale om gjennomfakturering fakturerast av Sygnir.

Sygnir har objektive og ikkje-diskriminerande tariffar for alle kundar. Tariffane er tilgjengelege på Sygnir si internettside.

### **Klager på nøytralitet**

Sygnir har ikkje hatt klager knytt til nøytral opptreden i 2023.

Sogndal, 01.03.2024

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Bjørn Carlsen", written over a horizontal line.

**Bjørn Carlsen**